



# Målselv kommune

## Fellestjenester

Inntektsutvalet for jordbruket - innspel

[inntektsutvalget@lmd.dep.no](mailto:inntektsutvalget@lmd.dep.no)

<b>Deres ref:</b>	<b>Vår ref</b> 2021/12994-3	<b>Saksbehandler/-tlf.</b> Unni Dahl-Thorstensen/45282533	<b>Dato</b> 11.11.2021
-------------------	--------------------------------	--	---------------------------

### Partsbrev: Innspel til budsjettnemndutvalget - Jordbrukets forhandlingsutvalg

Viser til møte i kommunestyret den 04.11.21, der sak 92/2021 ble behandlet.

Det ble fattet slikt vedtak:

Målselv kommune stiller seg bak uttalelsen og oversender den til budsjettnemndutvalget – jordbrukets forhandlingsutvalg.

Etter fullmakt

Unni Dahl-Thorstensen  
konsulent

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krever ikke signatur*

Vedlegg

1. Innspel til budsjettnemndutvalget - Jordbrukets forhandlingsutvalg

Kopi til:

Bengt-Magne Luneng

Mellombygdveien 216

9321

MOEN

---

**Postadresse**

Mellombygdveien 216, 9321 MOEN

**E-post:**

postmottak@malselv.kommune.no

**Besøksadresse**

Kommunehuset, Moen

www.malselv.kommune.no

**Telefon**

77 83 77 00

**Telefaks**

77 83 77 01

**Bank**

4715.02.00373

**Org.nr**

972418005

Stortinget vedtok i 1975 at bønder skulle ha samanliknbar lønn som industriarbeidarar. Og i fleire år etter vedtaket nærma bondeløna seg industriarbeidaren. Men no har vi i meir enn 30 år hatt ei utvikling der bønder har sakka akterut i lønnskampen. Våren 2021 såg «Bondeopprøret» dagens lys. No var det nok for sindige bønder som etter eit langt yrkesliv, arbeid seint og tidlig, helg og ørk, - ikkje hadde anna å sjå fram imot enn minstepensjon. Kravet om lik løn med andre grupper i samfunnet vart reist med full styrke og samla raskt støtte i store delar av folket. Vi støtter dette kravet fullt ut. Stortinget må gjere eit nytt jamstillingsvedtak og starte opptrappinga no. Vi har ingen fleire bønder å miste. Auka norsk matproduksjon i ei usikker verd er eit sjølvsgt krav. Den einaste måten å kome dit er å gje dei som skal produsere denne maten vilkår på linje med resten av samfunnet. Alt anna vil føre ungdom over i andre næringar og matproduksjonen på norsk kjø vil gå enda meir ned.

«Bondeopprøret» har reist kritikk av berekningsgrunnlaget som staten og landbruksorganisasjonane har forhandla etter sia 1993. Den såkalla budsjettnemda for jordbruket utarbeider kvart år talgrunnlaget forhandlingane tar utgangspunkt i. Den malen som vart lagt da for å måle inntektsutviklinga er heilt utdatert, og møter ikkje dagens krav til næringa.

Regjeringa Solberg satte derfor ned eit utvalg som skal gå gjennom heile dette systemet. No har utvalgets leiar Ola Grytten bedt om innspel til det arbeidet dei skal igang med. Sommaren 2022 skal rapporten vere ferdig, men det er eit ønske om at enkelte delar må vere ferdig til å kunne spele ei rolle i jordbruksforhandlingane våren 2022.

Målselv kommune vil spele inn følgande moment til arbeidet utvalget skal i gang med:

-Kostnader bønder har idag til leie av mjølkekvoter eller dyrkamark må reknes som kostnad i desse reknestykkja. Slik det blir framstilt idag er dette ikkje ein kostnad for aktive bønder, noko det sjølvsgt er. Desse leigeprisane er i sterk vekst og resulterer i inntektsnedgang, ein nedgang som er kamouflert bort av systemet.

-I dag er godtgjering til eigenkapital og godtgjering til arbeid slått ihop på ein post. Det fører til at når investeringane aukar, så aukar også godtgjeringa til kapital. Og sjølv om godtgjeringa til arbeid står stille eller går ned, framstår det som ei auke i den samla godtgjeringa. Landbruket har blitt stadig meir kapitalintensiv, rasjonaliseringa krev store investeringar i fjøs, jord, maskiner, traktorar og kvoter. Det er samfunnet som stiller desse krava og når jordbruket følger opp blir inntekta redusert. Men i statistikken blir dette kamouflert bort.

-Kvart år forutsetter staten ei viss rasjonalisering, sist år på 2,9%. Kvart jordbruksoppgjjer blir redusert med denne satsen. Argumentet er at det blir færre bønder å dele på. Vi forstår godt reaksjonen på dette. Først blir bøndene pålagt å rasjonalisere bort sine yrkesbrør, så blir dei trekt dobbelt opp i «lønningssposen».

-Eit årsverk i landbruket er i dag 1845 timer. I resten av yrkeslivet er det 1750 timer som brukes som norm. Ein bonde skal altså arbeide 95 timer meir enn andre for at det skal bli rekna som eit årsverk. Dette systemet er heilt utdatert, det er ingen grunn til at ein person som har ansvar 24 timer i døgnet og arbeider helger og røde dager skal måtte arbeide nesten 100 timer meir enn andre folk for å oppfylle eit årsverk.